

## Årsmelding for 2019

Vågå Kameraklubb har i 2019 hatt 23 betalende medlemmer. Oppslutning på medlemsmøta har variert frå 2 til 8 medlemmer, pluss ev. gjester. Medlemsmøta er haldne i klubblokalet på Vågå Hotell.

VKK fekk i 2019 tildelt kr. 5000 i kulturmidlar frå Vågå kommune.

Det vart ikkje søkt om gåvemedlar i Sparebank1 Lom og Skjåk i 2019, men ein søknad til regionalt fototreff. VKK er registrert i Brønnøysundregisteret for Grasrotmidlane, og det har kome inn 1782 kroner i 2019.

### Styret:

Styret i 2019 har bestått av:

Svein Ole Valde - leiar, Kjell Stålevik – nestleiar, Sander Sælthun – kasserar, Kari Sveen– sekretær og Asgeir Hagen (styremedlem). Varamedlemmer: Kari Fossen og Jan Stokstad.

Det har vore i alt 3 ordinære styremøte i arbeidsåret (31/1, 20/6, 19/12).

Tone Bakken møtte den 20/6 og orienterte styret om fotomarkeringar planlagt i Vågå sentrum og Ullinsvin.

Frå 2019 ville ein prøve eit nytt opplegg for medlemsmøta:

Kutte ut minikonkurrans og heller ta med foto innan bestemte tema for visning.

### Oversikt over klubbmøte:

Dato:	Frammøte:	Program:	Bildevisning - tema:
14. febr	6 medl.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bildevisning – "Mørketid"</li> <li>4 medlemmer hadde med bilete for visning</li> <li>Presentasjon av utstyr til produktfotografering</li> <li>Teknisk hjørne, kvitbalanse</li> <li>Regionalt fototreff haust 2019, samarbeid med klubbane i Nord-Gudbrandsdalen</li> <li>Asgeir og Sander vil representere VKK på møte i treffkomiteen 20. februar</li> </ul>	<i>"Mørketid"</i>
14. mars	7 medl. + 1 gjest frå Linselusa	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bildevisning v/ Terje Solberg</li> <li>Flotte foto frå Fronsbygdene</li> <li>Bildevisning, "Snø"</li> <li>5 medlemmer hadde med bilete for visning</li> <li>Teknisk hjørne, om lyssetting av portrett v/ Svein Ole</li> <li>Eventuelt: Invitere Orsolya &amp; Erlend Haaberg på fotokafe torsdag 25. april. Linselusa, Knipsarlaget og Dovrefjell fotoforum blir invitert</li> </ul>	<i>«Snø»</i>
11. april	2 medl.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ein triveleg prat og kaffi</li> </ul>	<i>«Portrett»</i>
9 .mai		<ul style="list-style-type: none"> <li>Bildevisning med tema "vår"</li> <li>2 medlemmer hadde med bilete for visning</li> <li>Kaffe og biteti</li> </ul>	<i>«Vår»</i>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Teknisk hjørne makro fotografering</li> <li>• Tur/ utefotografering i juni</li> <li>• Eventuelt</li> </ul>	
13. juni	4 medlemmer	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tur til Skårvangen Jakup Skjedsvoll var god guide</li> </ul>	<b>Utefotografering</b>
5.sept		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planlagt tur til Milorghytta gjekk ut pga regn</li> </ul>	
10. okt.	8 medl.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Asgeir Hagen viste 50 gode foto</li> <li>• Bildevisning ved medlemmene – "Haust" 3 medlemmer hadde med bilete for visning</li> <li>• Bildevisning av innleverte foto frå Dovrefjelltreffet</li> <li>• Teknisk hjørne: Halvfilter (gråfilter på halve bildet) v/ Kjell Stålevik</li> </ul>	<b>«Haust»</b>
14. nov.		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tone Bakken presenterte prosjektet "Egget", som ho fekk Vågåprisen for</li> <li>• Bildevisning – "Svart / kvitt" 5 medlemmer viste bilete</li> <li>• Teknisk hjørne: Lysmåler i kamera.</li> </ul>	<b>«Svart/kvitt»</b>
12. des.	6 medl. 4 gjester – 2 av desse frå Linselusa	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjell S. viste bilete frå Svalbard</li> <li>• Bildevisning – "Mørketid"</li> <li>• Teknisk hjørne: Dobbeleksponering</li> </ul>	<b>«Mørketid»</b>

#### Årsmøte:

Årsmøtet vart avvikla 18.01.2019 på Vågå Hotell.

#### Norsk Selskap for Fotografi (NSFF).

Klubben er tilslutta NSFF. Klubben var ikkje representert på NSFF sitt landsmøte på Gardermoen.

#### Komitear:

Vågå Kameraklubb har desse komiteane: Valkomite, Kalenderkomite, Heimeside og Facebook, Fotoalbum og avisutklipp, Klubbrom/utstyr/materiell, Utstillingsansvarleg, Konkurransansvarleg.

#### Aktivitetsplan 2019 – oppfølging:

<b>Aktivitet, vedtak årsmøtet 18.01.2019:</b>	<b>Oppfølging:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Medlemsmøte, andre torsdag i månaden på Vågå Hotel; fotografering, konkurransar, bildevisning/-vurdering, fototeknikk m.m.</i></li> </ul>	Det har vore 7 ordinære medlemsmøte, og eitt utemøte med fotografering (Skårvangen). Det er pause i juli/august pga ferietid – og i januar, når det er årsmøte.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Aktivitetar mellom dei ordinære medlemsmøta (kurs, fotografering, bildebehandling).</i></li> </ul>	Fotokafe 25. april med Orsolya & Erlend Haaberg 23. mai – fotokafe med juryoppdrag for Tromsø
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Fototur(-ar) i nærområdet.</i></li> </ul>	13. juni – Fototur til Skårvangen 5. sept. – Planlagt tur til Milorghytta måtte avlysast
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Arrangere klubbkonkurransar vår og haust.</i></li> </ul>	Det vart forsøkt avvikla klubbkonkurranse våren 2019, med tema «Liv og røre». Ingen bilete kom inn. «Kulturlandskap» skulle vore tema på haust, men heller ikkje denne vart gjennomført. Konkurransane «Månadens Bilete» på medlemsmøta

	vart i 2019 erstatta av bildevisning innan annonserte tema. Derfor ikkje kåra Årets bilete 2019.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Deltaking i konkurranser utafor klubben/nasjonale konkurranser/ NSFF sitt "Norgesmesterskap i fotografi".</i></li> </ul>	Ingen i VKK med plassering i Norgesmesterskap i foto i 2019. Harm Kroon (TKK og VKK) fekk antatt <i>Treet i Anøya</i> på NM-foto haust 2019. Svein Ole Valde vann treffkonkurransen på Dovrefjell.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Ta på oss juryoppdrag for andre fotoklubbar.</i></li> </ul>	Klubben har hatt 2 juryoppdrag i 2019; for Molde Kameraklubb og Tromsø Kameraklubb
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Arrangere kurs/workshops for klubbens medlemmer og andre.</i></li> </ul>	Ingen kurs i 2019 Teknisk hjørne på medlemsmøte: Instruktørar har vore Svein Ole Valde og Kjell Stålevik
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Gje ut Vågå-kalenderen 2020.</i></li> </ul>	Kalenderkomiteen har også i år gjort eit flott arbeid med innsamling av historiske bilete, teksting og produksjon av Vågåkalenderen. Dei har samtidig annonsert at dette er siste året. Eventuell vidareføring av kalender må skje med yngre krefter, ifølgje komiteen.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Utstilling av medlemmane sine bilete</i></li> </ul>	Kameraklubben har stilt ut bilete på Vågå Handelsforening, Asgeir har fylgd opp. Lite utskifting av bilete på Biblioteket. Kjell Løkken har vidareført ordninga med bilete på Frivilligsentralen.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Vidareutvikle heimesida og ha ein aktiv profil på Facebook</i></li> </ul>	Svein Ole Valde driv heimesida - <a href="http://vagakameraklubb.no">http://vagakameraklubb.no</a> Svein Ole og Asgeir følgjer opp Facebook. Fleire bør bidra for å få opp aktiviteten.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Delta i aktivitetar i regi av Norsk Selskap for Fotografi. Levere bilete til NSFF årbok</i></li> </ul>	Ingen representasjon frå VKK i Årboka for 2018
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Minst 1 frå styret skal representere klubben på NSFFs landsmøte.</i></li> </ul>	VKK var ikkje representert på NSFF sitt landsmøte på Gardermoen
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Gjennomføre felles møte/aktivitetar med naboklubbar</i></li> </ul>	26. juni: Fotodag på Sognefjellet saman med medlemmer frå Lustrafjorden kameraklubb
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Delta på aktuelle arrangement i bygda (m.a. Vågå-dågå)</i></li> </ul>	VKK investerte i fotopunkt i samband med opninga av fotoutstilling m.m. i Ullinsvin
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Rekruttere nye medlemmer</i></li> </ul>	Det er mange ikkje-medlemmer som følgjer med på VKK si Facebook-side, men ikkje nye innmeldte i år.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Arrangere regionalt fototreff i samarbeid med naboklubbane</i></li> </ul>	Fototreff på Hjerkin 13.-15. september, samarbeid med Linselusa, Dovrefjell Fotoforum og Lom Knipsarlag. Asgeir og Sander var med i treffkomiteen.

Vågå, 19. desember 2019

Styret